

| | |
|---|---|
| Sak | Leing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering |
| Dato utsendt på høyring | 21.11.16 |
| Høyringsfrist | 9.12.16 |
| Send høyringsinnspel til | post@hib.no ; postmottak@hsh.no ; post@hisf.no |
| Bakgrunn for saka | <p>Avgjerd om leing og fagleg organisering er sentralt i forminga av HVL. Delprosjektgruppa fekk i mandat å legge fram forslag til organisering av den faglege verksemda på nivå 1 og 2, samt prinsipp for nivå 3. Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og alternative løysingar. I vedlagte høyringsbrev framgår dei sentrale spørsmåla, og dei er også løfta fram som eigne punkt i dette skjemaet.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).</p> |
| Me ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten): | |
| Kap 2 | Er premissane og inngangen tydeleg og meiningsfull? |
| Kap 3 | <p>Er modelltypane - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte?</p> <p>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?</p> <p>Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?</p> <p>Bør fakulteta ha omtrent same storleik?</p> <p>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?</p> <p>Er disiplinfaga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet?</p> |
| Kap 4 | <p>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen?</p> <p>Er prinsippa for smale eller for vide?</p> |
| Kap 5 | <p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</p> <p>I høyringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?</p> <p>Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?</p> |

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

| | |
|-----------|--|
| | Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonalisering? Er dei råd og utval som er omtale i høyringsutkastet tenlege? Er det utval eller liknande som manglar? |
| Ansvarleg | Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Leiing og fagleg organisering |
| Utsendar | Prosjektsekretariatet |

HØYRINGSINNSPEL

| | |
|---|---|
| Sak | Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering |
| Høyringsinstans (svarar) | Studentparlamentet ved Høgskolen i Bergen |
| Ev. prosess bak høyringsinnspelet | |
| <p>Innspel Bruk fleire sider om det trengs</p> <p>Studentparlamentet ved Høgskolen i Bergen takkar for høvet til å svara på denne høyringa.</p> | |
| Kap 2 | Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov |
| | Ingenting å utsetja på kapittel to, anna enn at forklaringa og grunngjevinga bak «school of»-ordninga virkar noko svevande og lite konkret. |
| Kap 3 | Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov |
| | Studentparlamentet ved Høgskolen i Bergen tykkjer modelltypane er tilstrekkeleg forklarte, men under punkt 3.5 (profesjonsmodellen) kjem illustrasjonane fram som noko uklåre. På side 18 er det oppført nokre illustrasjonar som kunne tolkast som vidare forklaringar av alternativ A og B, om dei berre hadde samsvart til dømes i namn på fakulteta. I og med at dei ikkje samsvarar her, og dei ikkje er presentert som sjølvstendige alternativ, undrar me oss litt over kva som er meininga med desse. |
| | Når det kjem til kva for modell som vil vera best, så meiner parlamentet at profesjonsmodellen er å føretrekkja. Det er denne som me meiner vil spegla den faglege profilen me ønskjer best. Det kjem óg fram av rapporten at denne modellen vil fungera godt i arbeidet mot måla som er trekt fram. |
| | Vidare meiner me at institusjonen ikkje bør ha meir enn tre fakultet, og at alternativ A som er presentert i figur 1 på side 17 er ein god veg å gå. Dette fordi at medan me ikkje har særleg sterke synspunkt på at fakulteta skal ha identisk storleik, så bør ikkje skilnaden vera for stor. Ein bør ikkje koma i situasjonar kor det største instituttet er større enn det minste fakultetet. Me tenkjer óg at ein profesjonsmodell ikkje treng å lata ute høve til eit kryssfagleg fokus, noko som ei inkludering av disiplinfaga kan støtta opp under. Det er óg demokratiske og sosiale grunnar til at disiplinfaga ikkje skal skiljast ut i den nye institusjonen. Marginalisering mellom studentar og mellom tilsette på bakgrunn av eit oppfatta mellomrom i verksemd kan verta uheldig, både sosialt og med tanke på demokratisk medverknad. |

| | |
|---------------------|---|
| | <p>Når det kjem til namn, så meiner me heilt klårt at forslaga i profesjonsmodell A er å føretrakkja, og dette er uavhengig av kva for modell ein ender opp med å velja. Årsaka til det er dei andre forskjellige forslaga til namn på fakultetet som vil inkludera lærarutdanninga. I forslaget profesjonsmodell A gjev alle fakultetsnamna klare peikarar på konkrete fagområde. I dei andre forslaga, derimot, har ein vald å trekkje inn til dømes «fakultet for læring (..)» og «fakultet for danning (..)» osv. Dette verkar for oss særst merkeleg. Læring er då noko som skal skje på alle fakulteta, og medan me forstår at danning og læring er viktige fagtermar innanfor nokre profesjonsutdanningar så meiner me det vert for snevert om ein legg desse til grunn for namnsetting på heile fakultetet. Namn bør vera utarbeidd etter like premisser på alle fakulteta. Då kan ikkje to av fakulteta ha namn som har tydelege fagreferansar, medan eitt har namn som refererer til ein eller fleire aktivitetar. Me tykkjer såleis at namna som er foreslått i Profesjonsmodell alternativ A er best.</p> |
| <p>Kap 4</p> | <p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>På spørsmålet om prinsippa, så vil me problematisera introduksjonen av «school of» som prinsipp for organisering. Dette er ei inndeling som står fram som uklår. For det fyrste, så verkar det ikkje som ein har ei heilt klår formeining om kor i den nye høgskulen ein kunne fått bruk for denne organiseringa. Slik me tolkar det, så verkar det som ordninga vil verta overflødig. For det andre så må det då verkeleg finnast eit alternativ til namn som har ei eins tyding på norsk. At Høgskulen på Vestlandet, som har vedtaksfesta målform og tydeleg vestlandsprofil, skal verta nøydd til å nytta engelske uttrykk for å skildra eiga verksemd, er merkeleg.</p> <p>Under 4.5, på side 28, vil me vidare leggja vekt på kor viktig det er at dei administrative funksjonane ikkje berre er nær studentane, men óg nær dei fagleg tilsette. Kommunikasjon og logistikk mellom studentar og institusjonen, kan best sikrast gjennom ein administrasjon som ligg teitt på både student og tilsett.</p> |
| <p>Kap 5</p> | <p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Me meiner det vil vera tenleg med administrativ kompetanse nær toppleiinga.</p> <p>Vidare meiner me, som med institutt-administrasjonen, at fakultetsadministrasjonen skal følgja teitt på-prinsippet.</p> <p>Me meiner at funksjonsansvaret som er skissert på nivå 1 er godt, og at det er gode ansvarsområde som vert foreslått for prorektorane. Me meiner at evt. prodekanar sine ansvarsoppgåver bør spegla desse, slik det er foreslått i figur 11 på side 38, og at kvar nærregion bør ha prodekanar å førhalda seg til.</p> <p>Me er særst positive til dei føreslåtte råda og utvala.</p> |

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

| | |
|-----------------|--|
| Andre merknader | |
|-----------------|--|